




Fylkesmannen i Oppland



Informasjon til elever og føresette
om retten til å klage på karakterar

Skuleåret 2017/2018

Innhald

Innleiing	3
Kva kan du klage på?	3
Kven kan klage på karakter?	3
Når er klagefristen?	3
Før du klagar	3
Korleis klagar du?	3
Kva skjer med klagen din?	4
Handsaming av klager på standpunktkarakterar og eksamen	4
Standpunktkarakter i fag.....	4
Standpunktkarakterar i orden og oppførsel	4
Skriftlig eksamenskarakter	5
Munnleg eksamen	5

Innleiing

Dette er ei orientering om dei reglane som gjeld for å klage på karakterar. Den er skriven for deg som får standpunktkarakterar og/eller har eksamen i grunnskulen i 2018. Om det er noko du ikkje forstår, bør du spørja lærar eller rektor. Reglane om klager på karakter finst i kapittel 5 i forskrift til opplæringslova. Sjå www.lovdata.no

Anten rett før eller samstundes som du fekk standpunktkarakterane i fag eller orden og oppførsel, skal du ha fått vite kva faglærer har lagt vekt på da ho/han fastsette karakterane. Om du ikkje fekk ei slik forklaring, bør du be om det.

Kva kan du klage på?

Du kan klage på alle karakterar som skal førast på vitnemålet, både på standpunktkarakterar og eksamenskarakterar.

Du kan også klage om du ikkje får standpunktkarakterar.

Kven kan klage på karakter?

Alle elevar har rett til å klage på karakteren. Du kan også gi nokon skriftleg fullmakt til å klage for deg. Om du er under 15 år, må dine føresette samtykke i form av at dei signerer klagen saman med deg. Føresette til umyndige elevar har sjølvstendig klagerett. Det betyr at dei har rett til å klage sjølv om du som elev ikkje er einig i det.

Når er klagefristen?

Klagefristen er 10 dagar, og fristen vert rekna frå det tidspunkt du eller dine føresette er gjort kjende med karakteren (eller burde gjort dykk kjent med den).

Før du klagar

Du har også rett til å krevja ny grunngjeving for karakteren **før** du sender skriftleg klage til skulen. Det vert anbefalt at du bruker denne retten. Grunngjeving for karakteren kan du få i ein samtale med faglærer, men du kan også be om å få den skriftleg. Om du ber om grunngjeving, blir klagefristen avbroten. Ny frist gjeld da frå det tidspunkt du har fått grunngjevinga.

Om du ønskjer å klage på skriftleg eksamenskarakter, har du rett til å få framlagt retningsliner for sensuren hjå rektor. Du har ikkje krav på grunngjeving for karakter til skriftleg eksamen.

Det kan vera hensiktsmessig å gå gjennom eksamenssvaret med faglærer, om han/ho er tilgjengeleg, for å vurdere om det er grunnlag for å klage. Uansett kva faglærer seier, har du klagerett.

Korleis klagar du?

Du sender klagen til skulen v/ rektor.

Klagen må være skriftleg, og underskriven av den som klagar eller den som har fullmakt. Det må stå i klagen kva du vil klage på. Om du klagar på standpunktkarakter i fag, på standpunktkarakter i orden og oppførsel eller munnleg eksamen, bør du grunngjeva klagen. Du trenger ikkje å skrive ei grunngjeving om du klagar på karakter på skriftleg eksamen.

Kva skjer med klagen din?

Når skulen sender klagen din til Fylkesmannen, skal faglærer si grunngjeving for karakteren leggjast ved. Det skal også leggjast ved ei uttale frå rektor om korleis skulen har følgd reglane for karaktersetjing og korleis dei har handsama klagesaka. Du (eller dine føresette) skal ha kopi av alt som vert sendt til Fylkesmannen.

Klagen din og opplysningar frå skulen vil vera grunnlaget for Fylkesmannen si handsaming av saka.

Handsaming av klager på standpunktkarakterar og eksamen

Standpunktkarakter i fag

Om du klagar på ein standpunktkarakter i fag, er det viktig å vera klar over at Fylkesmannen berre skal ta stilling til om reglane for karaktersetjing er følgd. Fylkesmannen skal ikkje overprøve læraren sitt faglege skjønn. Det betyr at Fylkesmannen ikkje kan vurdere om karakteren din er riktig i høve til det faglege nivået ditt.

Her ser du dømer på reglar som skal vera følgd:

- Faglærer skal beskrive kva du kan i høve til dei samla kompetansemåla i læreplanen for faget ved avslutninga av opplæringa.
- Vurdering i orden og oppførsel skal ikkje vera blanda saman med vurdering i det enkelte faget.

Om skulen ikkje har oppfylt reglane for karaktersetjing, sender Fylkesmannen saka attende til skulen. Rektor og faglærer skal foreta ei ny vurdering av kompetansen din, og det er rektor som fastset karakteren. Den nye standpunktkarakteren kan vera den same som du fekk første gong, eller den kan vera endra til lågare eller høgare standpunktkarakter. Den nye avgjerda skal grunngjevast. Du kan ikkje klage på den.

Meir informasjon om klage på karakter i fag finn du her: <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Vurdering/behandling-av-klager-pa-standpunktkarakterar-i-fag/>

Standpunktkarakterar i orden og oppførsel

Dersom du ikkje har fått karakteren *God* i orden og oppførsel, skal du ha fått eit skriftleg varsel.

Om du klagar på karakteren din, skal skulen leggje ved uttale frå kontaktlæraren din og rektor når klagen vert sendt til Fylkesmannen. Du (eller dine føresette) skal ha kopi av alle dokumenta.

Skulen skal leggje ved følgjande dokument:

- opplysningar som syner at du og dine føresette har motteke skriftleg varsel om at ordens- og oppførselskarakteren kan bli sett ned
- ei fylldig grunngjeving for karakteren
- kva tiltak skulen har gjort for at du skulle ha moglegheit til å forbetre karakteren
- kva karakterar du har fått i orden og oppførsel tidlegare
- utskrift av protokoll som viser korleis skulen har handsama saka, eventuell korrespondanse med heimen, og anna relevant dokumentasjon
- kopi av ordensreglementet på skulen og kommunen si forskrift til ordensreglement

Om skulen ikkje i tilstrekkeleg grad kan dokumentere at regelverket er følgd, er det Fylkesmannen som set ny karakter. Fylkesmannen si avgjerd er endeleg.

Skriftlig eksamenskarakter

Før du klager på skriftleg eksamen, bør du be skulen om kopi av eksamenssvaret. Du kan også be om retningslinjene som sensorane har brukt. Du kan be om hjelp frå faglærer til å vurdere om du skal klage.

Klage på karakter på skriftleg eksamen vert handsama av ei klagenemnd på tre medlemmar oppnemnde av Fylkesmannen. Medlemmane i klagenemnda skal ikkje ha sensurert svaret ditt tidlegare, og dei skal ikkje jobbe ved den skulen du går på.

Klagenemnda skal ta stilling til om karakteren du har fått, er urimeleg. Om nemnda kjem til at karakteren er urimeleg, så set dei ny karakter, som kan vera høgare eller lågare enn din opphavelige karakter.

Munnleg eksamen

Ved munnleg eksamen kan du berre klage på formelle feil. Feilen må vera slik at dei kan ha hatt betydning for resultatet. Når du klagar, er det viktig å beskrive ganske detaljert korleis eksamen vart gjennomført og kva du meiner har hatt negativ betydning for den faglege prestasjon en din.

Rektor hentar inn uttale frå sensor og faglærer, og sender desse saman med si eiga utgreiing til Fylkesmannen. Kopi av utgreiinga skal sendast til deg (eller dine føresette).

Om Fylkesmannen meiner at nokon ikkje-faglege faktorar kan ha hatt betydning for eksamenskarakteren din, vil eksamen bli annullert. Skulen må skrive ut eit nytt vitnemål der det vert ført på vitnemålet at eksamen er annullert.

Om du ønskjer det, kan det haldast ny eksamen for deg. Det skal trekkjast fag på nytt, og det er ikkje sikkert du vert trekt ut i det same faget. Du får melding om faget med same frist som ved ordinær eksamen. Om du vel å gå opp til ny eksamen, skriv skulen ut nytt vitnemål etter at ny eksamen er gjennomført.



Fylkesmannen i Oppland

Telefon sentralbord: 61 26 60 00
E-post: fmoppost@fylkesmannen.no

Besøksadresse:
Statens Hus,
Gudbrandsdalsvegen 186
2619 Lillehammer

Postadresse:
Postboks 987
2626 Lillehammer

Internett: www.fylkesmannen.no/oppland